



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

UKM 07/07

Venner, einsemd og fellesskap

Diakoniplanen i Den norske kyrkja i møte med *Jeg tror jeg er lykkelig. Ung tro og hverdag* (Holmqvist 2007)

Bakgrunn

Plan for diakoni i Den norske kyrkja skal opp på Kyrkjemøtet i november.

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) blir derfor oppmoda om å kome med sitt innspel. Vi ønskjer å knyte dette til undersøkinga *Jeg tror jeg er lykkelig. Ung tro og hverdag*¹. *Jeg tror jeg er lykkelig. Ung tro og hverdag* er ei undersøking der ungdommar i Noreg i alderen 13–16 år har fått ein del spørsmål om ulike tema som fritid, TV, Internett, mobil, verdiar, tru, Gud, kyrkje, korleis dei har det, om dei er lukkelege, einsame, fornøgde med kroppen ... Resultatet av undersøkinga kan ein gruppere under desse overskriftene: Travel aktivitetskvardag – Venner og familie – Lukkeleg verdsbilete? – Open eller sokjande?²

Plan for diakoni handlar særleg om den tenande folkekirkja. Hovudformålet med denne planen er at han skal vere retningsgivande for den diakonale tenkjemåten og utforminga av diakonien i Den norske kyrkja. Planen er ein del av ein serie planar og reformer som Kyrkjemøtet vedtek, slik at det blir lagt til rette for ein heilskapleg lokal strategi. Planen skal vere ein rammeplan som gir kyrkjelydane eit godt verktøy til å lage ein lokal diakoniplan.³

Diakoniplanen byggjer på denne definisjonen:

Diakoni er omsorgstenesta i kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og viser seg i nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.⁴ (Omsett til nynorsk for UKM)

I denne saka vel vi *inkluderande fellesskap* og ser på kva slags utfordringar det gir ungdommen og dei samanhengane vi møtest i.

Diakoniplanen seier ...

*Det er ei sentral side av det kristne menneskesynet at vi er skapte i Guds bilete til å vere medmenneske. Vi er uteverte til kvarandre, og vi er avhengige av kvarandre og alt anna som lever. Ingen kan leve heilt og fullt av seg sjølv eller for seg sjølv. Vi er skapte til å tene kvarandre, til å ha omsorg for kvarandre. Samtidig er heile skaparverket avhengig av at menneska tek forvaltaransvaret på alvor. Med utgangspunkt i trua på Gud har vi ansvar for verda.*⁵ (Omsett til nynorsk for UKM.)

Under temaet inkluderande fellesskap står det i utkastet til Plan for diakoni:

I vår tid er dei tradisjonelle relasjonsmønstera og fellesskapsformene i endring i alle aldersgrupper. Mange er einsame og manglar nokon å høyre til. Samtidig ser vi at det blir laga mange nye fellesskapsformer, blant anna gjennom Internett. Det ser ein òg i dei kyrkjelege fellesskapene. Noko av det grunnleggjande i den kristne trua er at mennesket er skapt til fellesskap. Å styrke banda mellom menneske og knyte nye band

¹ Holmqvist 2007, Kloster forlag, Oslo

² Heile denne undersøkinga blir lagd fram på UKM.

³ Frå forordet til Utkast til Plan for diakoni

⁴ Utkast til Plan for diakoni s. 3

⁵ Utkast til Plan for diakoni s. 4

der forhold er gått i stykke, er ei diakonal utfordring. Gode fellesskap gir alle høve både til å yte og å ta i mot. Dei har plass til mangfaldet og syter for at ingen fell utanfor.⁶ (Omsett til nynorsk for UKM.)

I denne samanhengen utfordrar diakoniplanen kyrkja lokalt med spørsmåla: ”*Kven manglar fellesskap*, kven fell utanfor i vårt lokalmiljø? Blir menneske eller grupper ståande isolerte på grunn av fysiske funksjonshemmingar eller psykiske lidingar? Skaper etnisk bakgrunn, kjønn, seksuell legning, alder, utviklingshemming, språk eller sosial posisjon, økonomi og klede avstand? Kva med menneske som lever i institusjon, er dei isolerte frå lokalmiljøet? Menneske som tvilar, er i opposisjon eller har ein livsførsel som ikkje er sosialt akseptert, finst det fellesskap for dei?

– *Kva er til hinder for fellesskap*, og korleis kan vi gjere noko med desse hindringane? Handlar det om utilgjengelege lokale, geografisk avstand, vanar, haldningar, manglande kunnskap, frykt for det ukjende?”⁷ (Omsett til nynorsk for UKM.)

Er det andre spørsmål ungdom meiner den lokale kyrkjelyden bør stille i møte med den utfordringa som ligg i eit inkluderande fellesskap?

24/7

Ungdomsundersøkinga viser at ungdomsgenerasjonen i dag er aktiv. Dei unge har store vennenettverk og bruker mykje tid med vennene sine. Dei møter kvarandre på skulen og på mange av dei same fritidsaktivitetane. Dei er heime hos kvarandre og møtest på Internett gjennom MSN.

Likevel er mange einsame. Over 40 % seier at dei ofte kjenner seg einsame.

Korleis kan ein vere einsam med så mange venner rundt seg?

Ungdom organiserer kvardagen sin med mobil og Internett, som i praksis vil seie at dei er tilgjengelege 24 timer i døgnet 7 dagar i veka. Burde ikkje det innebere at dei ikkje er einsame? Eller kan ein kjenne seg endå meir einsam fordi ein er så tilgjengeleg?

Dersom eg veit at vennene mine kan kommunisere med meg heile tida, kva betyr det då at dei ikkje tek kontakt?

Det ser ut til at det er viktig for ungdommene å vere lukkeleg. Kan det vere at ingen vågar å innrømme å ha mislukkast? Dersom livet skal vere så bra, kva gjer eg då når problema kjem?

Her ligg det nye utfordringar for fellesskapet i kyrkja. Korleis fungerer ungdomsfellesskapa våre i denne samanhengen? Korleis møter vi den utfordringa som ligg i det å vere tilgjengeleg 24 timer i døgnet 7 dagar i veka? Kyrkja maktar ikkje å svare på eit slikt behov for å vere tilgjengeleg. Det handlar om kyrjelege strukturar og samværsmåtar, men kan det handle om meg og livet mitt òg? Kva fortel vi om Gud i denne samanhengen? Korleis kan vi få liv og lære til å henge saman?

Treng vi å tenkje nytt i møte med dei utfordringane som nokre ungdommar kjem med her? Eller er det delar av historia og praksisen i kyrkja som kan vere med og gi oss råd og retning eller rikdom vi kan hente fram? For kva slags fellesskap er det vi kan tilby? Kva må til for at fleire skal våge å velje utradisjonelt for å møte utfordringane dei ulike menneska og lokalsamfunna står overfor?

Berekraftige fellesskap

I spørsmåla i diakoniplanen er det tydeleg at ein ønskjer at menneske som på ein eller annan måte fell utanfor, skal kunne finne ein plass i det kristne fellesskapet. Men

⁶ Utkast til Plan for diakoni s. 10

⁷ Utkast til Plan for diakoni s. 11

samtidig må ein spørje kor mykje eit fellesskap kan bere. Første utfordringa blir korleis fellesskapa våre kan vere så inkluderande at menneske som fell utanfor andre stader i samfunnet, kan finne ein plass? Oppfordringar og bilete i Bibelen som i 1 Kor. 12,12–26 og Matteus 25,35–36, peikar tydeleg mot å gi rom for det forskjellige og bere børene for dei svakaste. Det utfordrar oss på kva vi toler/tolererer av oppførsel, ytringar og stil før vi bevisst eller ubevisst held nokon utanfor. I eit fellesskap er det mange utsilingsmekanismar i det sosiale samspelet. Ønsket om å vere inkluderande krev at fellesskapet tenkjer over kvar grensene går. Samtidig som vi ønskjer å inkludere, er det eit dilemma at det å vise omsorg for ein person kan gå ut over andre. Å inkludere ungdommar med rusproblem, utagerande oppførsel eller store psykiske problem kan krevje så mykje arbeid og tid at vi gløymer dei andre. Som kyrkje har vi eit ansvar, men spørsmålet er kven og kva for fellesskap som skal bere kva?

Utfordringar til samtale:

- Kva kjenneteiknar eit godt fellesskap?
- Kva er annleis med fellesskap i kyrkja?
- Korleis finne ein god balanse mellom dei virtuelle fellesskapa og møta ansikt til ansikt?
- Kan eg finne inspirasjon i trua mi til å fungere i fellesskap med andre?
- Kor ønskjeleg er det med kristne fellesskap på tvers av generasjonane?
- Korleis ønskjer vi som ungdom å leggje til rette for fellesskap i kyrkja som er tilgjengelege når ein treng dei?
- Korleis balanserer vi best mellom ulike slags fellesskap i kyrkja, så vi kan inkludere flest mogeleg og ta vare på forskjellane i alle fellesskap?